



Seim Bygg AS  
Nesbrekka 28  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 18/749 - 18/12726

Saksbehandlar:  
Irene Wilhelmsen  
Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:  
23.04.2018

## Tillatelse på vilkår til avkjørsel fra kommunal veg - Utvida bruk av avkjørsle - gbnr 55/39

**Tiltak:** Utvida bruk av avkjørsle  
**Byggjestad:** Gbnr: 55/39 Hundvinsvegen  
**Tiltakshavar:**  
**Ansvarleg søker:** Seim Bygg AS

Delegasjonssak nr.: 179/18

Saka gjeldt søknad om utvida bruk av avkjørsel til kommunal veg for 2 bustadeiningar datert 01.03.2018.

### **Saksutgreiing:**

#### Informasjon om saka:

Det er søkt om utvida bruk av eksisterande avkjøysle for privat veg som går over gbnr 55/2 mot Hundvinsvegen, kv1131, hp01.

#### Vurdering/drøfting:

Hunvinsvegen kv1131, hp01 er ein gang- og sykkelveg med tilkomst til bustader. Vegen er svært belasta då det er barnehagedrift ved omsøkt avkjørsle.

Lindås kommune har tidlegare vore i kontakt med Statens vegvesen då det er utfordringar knytt til trafikksikring i kryss mellom fylkesveg fv57 og kv1131, hp02 og kv1131, hp01 som ligg tett i fylkesvegen. Førespurnaden førte til at det vart utarbeida ei skisse til mogleg framtidig løysing mellom desse vegane. Denne foreløbige skissa er vedlagt dette vedtaket.

Lindås kommune v/vegavdelinga ynskjer ikkje auka trafikk på Hundvinsvegen, kv1131 hp01, før det kommunale krysset mellom kv1131 hp01 og hp02 er lagt om som vist på vedlagt foreløbig skisse.

Det kan, som alternativ til avkjøringsløyve mot Hundvinsvegen, bli gjeve utvida bruk av privat avkjørsle mot Trælandsvegen, kv1201, hp01 dersom det vert vist til vegrett langs den private vegen over gbnr 55/2 i motsatt retning.

#### Samandrag/konklusjon:



Før ein kan gi løyve til utvida bruk av avkjørsle for gbnr 55/39 mot kv1131, hp01, må del av kv1131, hp01 og avkjørsle mot kv1131, hp2 må leggjast om slik det er vist på foreløpig skisse (vedlagt). Tiltaket er søknadspliktig og må vere godkjent og utbetra.

#### Vedtak:

Lindås kommune gjev på vilkår løyve til søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsel til kommunal veg med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Del av kv1131, hp01 og avkjørsle mot kv1131, hp2 må leggjast om slik det er vist på foreløpig skisse som ligg ved dette vedtaket. Tiltaket vil vere søknadspliktig og må vere godkjent og utbetra før utvida bruk av avkjørsle fra kv1131, hp01 kan gis.
- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstiller tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av «fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktzone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsla.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

#### Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Rune Kilen  
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen  
ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Vedlegg:

## Foreløpig skisse - trafikksikring av kryss i Hundvinsvegen kv1131 og fv57

## Kopi til:

Byggesaksavdelinga  
Vegavdelinga

## Mottakarar:

Seim Bygg AS

Nesbrekka 28

5912

SEIM